

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2178 - 21/67521

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
09.10.2021

## Stadfestar mottatt klage på vedtak om dispensasjon og løyve for etablering av flytebrygge med utriggarar samt vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 102/6 Vabø

**Tiltak:** flytebrygge med utriggere  
**Byggjestad:** Gbnr: 102/6  
**Tiltakshavar:** Per Harald Hauge  
**Ansvarleg søkjar:** Alutec AS

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar rettidige klage på vedtak om dispensasjon og løyve for etablering av flytebrygge med utriggarar - gbnr 102/6 Vabø.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 10.11.2021. Møta vert halde på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvassnesvegen 40, 5914 Isdalstø. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) for endeleg avgjerd.

### **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak om dispensasjon og løyve for etablering av flytebrygge med utriggarar - gbnr 102/6 Vabø frå Utval for areal, plan og miljø i sak 21/2178 med saknr. 132/21 i møte den 01.09.2021. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, t.d.. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt vedtak om dispensasjon og løyve for etablering av flytebrygge med utriggarar - gbnr 102/6 Vabø. Det er gitt både dispensasjon og byggjeløyve.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama søknaden om byggjeløyve før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt byggjeløyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast i etterkant. Målt opp mot den konsekvens ein utsatt iverksetting får for tiltakshavar, så må dei nemnte prosessuelle tilhøva få forrang.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtak om dispensasjon og løyve for etablering av flytebrygge med utriggarar - gbnr 102/6 Vabø frå Utval for areal, plan og miljø i sak 21/2178 med saknr. 132/21 i møte den 01.09.2021.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

### **Aktuelt regelverk**

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen

Tone Furustøl

Avdelingsleiar

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alutec AS	Industrivegen 43	5210	OS
Alutec AS	Industrivegen 43	5210	OS
Atle Rune Sæle	Vabøvegen 226	5955	LINDÅS
May Britt Hodneland Sæle	Vabøvegen 226	5955	LINDÅS
Per Harald Hauge	Nipedalen 28	5164	LAKSEVÅG

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------